

Innhald i denne utgåva av SKK-nytt

1. Ny nøkkel til naustet
2. Kjempetur til Lifjorden
3. Temakveld: Sikkerheit på sjøen - Klubbkveld
4. Vi viser oss fram på Sommarfesten i Førde 9. juni
5. Infokveld for ansvarspersonar
6. Kursprogram framover

1. Ny nøkkel til naustet

Låsen i naustet er no endra → **DU MÅ NO HA DET NYE NØKKELKORTET!**

Dei som har nøkkelkort frå før, får nytt ved å byte inn det gamle. Dei som ikkje har kort i dag (eller som har mista det), må betale kr. 100 i depositum for kortet. Det får du altså att om du ikkje vil ha kortet lenger.

Du kan få nytt nøkkelkort hos...

- Guttorm Kleppe, Telefon: 99 72 80 38
- Rune Berge, Telefon: 99 20 50 90

2. Kjempetur til Lifjorden i Hyllestad – men vi var ”berre” fem!

Sist helg, frå laurdag til søndag, var fem av oss på hyttetur til dette særdeles vakre og spesielle område i fylket vårt. Det blir omtale av turen på heimesida, [klikk her](#).

Det er synd at ikkje fleire var med. Vi som var av garde, hadde ein super tur både med tanke på padlinga, naturen og sosialt. Men vi er nesten 100 medlemmar og då blir ikkje 5 så mykje. Kanskje er det ikkje fleire som har lyst, og då er det vel eigentleg greitt. Det som ville vere gale, er om nokon av dåkke eigentleg kunne tenkt seg å vere med og trass i det, ikkje blei med. Viss det t.d. er uro/engstelse over at turane våre er for vanskelege, ja mest for dei erfarne padlarane, er det grunn til å gjere noko. Dei aller fleste turane passar for alle på nybegynnarkurs-nivå.

Vi er i alle fall opne for tilbakespel og kommentarar på fenomenet.

Og - sit du på gjerdet og eigentleg kunne tenke deg å vere med? - ta rev i segla og gi det ein sjans!

NESTE TUR: Den går til Herland som ligg på vestsida av Atløy. Det blir overnatting i telt i pinsa, frå søndag til måndag (27.-28. mai). Lett tilkomst, og fin leirplass ved sjøen. Passar alle på nybegynnarkurs-nivå.

3. KLUBBKVELD m/tema: Sikkerheit på sjøen

Tysdag 5. juni kl. 19.00 i Naustet

Det blir litt klubbsaker, men mesteparten av tida brukar vi på temaet denne kvelden:

Sikkerheit På Sjøen.

Område som blir berørt er ...

- Bekledning (ulike typar kle til ulike typar ver- og sjøtilhøve)
- Krav til padle-utstyret under ulike forhold (kajakken, kajakktypar, rigging)
- Krav til anna utstyr (sikkerheitsutstyr, reparasjonsutstyr, førstehjelp)
- Kunnskap om navigasjon (kart & kompass, orientering,
- Sjekklister/Pakkingslister for padleturen

Os så blir det sjølsagt tid til litt drøs over ein kaffikopp mm.

4. Infokveld for ansvarspersonar (i samheng med trening og tur)

På kvar torsdagstrening og klubbtur vil vi ha ein ansvarsperson frå klubben. Denne skal vere klubben sin kontaktperson for aktiviteten og elles ta ansvar for ...

- at deltakarane har påkravd utstyr (m.a. flytevest og spruttrekk)
- at deltakarane er på det ferdigheitsnivået det er krav om
- at ein har med klubben sitt sikkerheitsutstyr (vi held på med å lage til dette)
- å gå gjennom sjekklista for turen (Internkontroll for turen - dette held vi og på med å lage)

Vi har mange i klubben som stiller opp og er ansvarsperson og vi treng fleire. Alle med nybegynnarkurs og elles ein del padleerfaring, kan vere ansvarsperson.

For å gjere det klart kva ansvar ansvarspersonen har, vil vi ha ein informasjonskveld i naustet tysdag 12. juni klokka 18.00.

Denne kvelden vil vi...

- krav til deltakarane på trening og tur
- krav til utstyr
- sjå på klubben sitt sikkerheitsutstyr
- snakke om/gå igjennom klubben si haldning til tryggleik
- gå igjennom og diskutere klubben sine rutinar i HMS-arbeidet

ha øving i vatnet på kammeratredning og andre aktuelle ting (med våtdrakt)
Meir informasjon kjem seinare.

5. Kursprogram framover

Styret i klubben har, som tidlegare sagt, bestemt å stimulere til auka kursing i klubben. Medlemmar som kan tenke seg å vere klubbkontakt/ansvarleg på torsdagstreninga og/eller turleiarar, vil få kr. 1000,- i støtte frå klubben viss dei tar teknikkurs og aktivitetsleiar kurs (kr. 1000,- pr. kurs).

For elv kan det og vere aktuelt å gi støtte til nybegynnarkurs. Det vil bli kurs på Voss i sommar, så er du interessert i elv, så er dette ein gylden sjanse. Tid for dette kurset er enno ikkje bestemt.

For havpadling er desse kursa arrangert i vår (det har blitt litt endra tider):

Kurstype	Dato	Stad	
Grunnkurs	Mai: fr 11. - sø 13.	Bygstad	Helgekurs
Grunnkurs	" : ty 29.- to 31.	Førde/Naustdal	Kveldskurs (NB)
Grunnkurs	Juni: lø 2. - sø 3.	Førde/Naustdal	Helgekurs
Grunnkurs	Juli: fr 6. - sø 8.	Bygstad	Helgekurs

Det var alt for denne gong, folkens

**Helsing Rune
- leiar -**